

kultur

Telefon 61 29 24 80 • post@dolen.no • www.dolen.no



Ny styreleder i NMF

Korpsentusiast, dirigent og kulturpris-mottaker Liv Bjerke fra Sør-Fron er valgt som ny styreleder for Norges musikkorps forbund (NMF) Innlandet. Den nye regionen ble en realitet da forbundet i Hedmark og Oppland avholdt årsmøte nylig. Bjerke er dirigent for Hundorp musikklag, og tidligere dirigent for Sør-Fron skulemusikk. NMF Innlandet organiserer 168 korps og drøyt 5 000 musikanter og drillere.

• Motvind Kulturlag og Hans P. Kjørstad arrangerer konsertserie på Harpefoss hotell – Vil ha låg terskel og høg stemning



FYRST UT: Lady Hardanger består av Ingeleiv Berstad (vokal, fele), Anne Lise Frøkedal (vokal, gitar), Olav Christer Rossebø (fele, mandolin), Ingemund Askeland (banjo, munnspill). **BÅE FOTO: PRIVAT**

Hans P. Kjørstad har lenge hatt ein ide om å legge til rette for konsertar på Harpefoss hotell, i eit vidt spenn av musikalske uttrykk. Laurdag er det fyrste bandet på scena.

Det skal bli ein serie konsertar i regi av Motvind kulturlag, den fyrste allereie laurdag.

Motvind kulturlag, der Kjørstad sjølv er styremedlem, starta som ein protest i form av ein festival, som to gode kamaratar av Kjørstad fekk i stand.

– Festivalen kom som ein reaksjon mot at stadig fleire store kulturarrangement let seg sponse av næringar som ikkje er bærekraftige, som olje- og

våpenindustrien, seier han.

Motvind gonger fire

Nå er Motvind både kulturlaget, ein festival, eit plåseselskap og eit magasin.

– Fyrste utgåva av magasinet kom i mars, fortel Kjørstad.

Konsertserien frå Motvind kulturlag, i samarbeid med Harpefoss hotell, startar med bandet Lady Hardanger nå laurdag. Same dag opnar også Østlandsutstillingen same stad. (Sjå sak under)

– Eg har hatt den ideen om at flinke folk eg kjenner til eller har høyrd mykje på, kunne legge inn ein konsert her, om dei likevel fer forbi på turne, seier han.

Utover hausten blir det tre konsertar til.



HEIM: Sør-Frøningen Hans P. Kjørstad er glad for å kunne presentere ein spennande konsertserie i heimbygda. I Oslo i skrivande stund, men har flytta heim att for ei stund, og kjem sjølsagt til konsert laurdag.

– Det vi skal presentere i denne konsertserien kjem til å vera slik eg meiner er lett å like utan at ein har høyrd det før, av ulike sjangrar, seier Kjørstad.

Blanda drops

Laurdagens band reiste etter skildringa i pressemeldinga «frå Vestlandet, ramla i gumbogryta i Louisiana og fann vakre popviser i undergrunnen i Berlin».

– Det er musikk som får både føt og hugu til å svinge på seg, i ei frisinna blanding av cajunmusikk, old time, calypso, pop og norsk tradisjonsmusikk, heiter det.

Musikalsk møteplass

– Eg har veldig lyst til å få dette til å bli ein møteplass for musikarar og musikkinteresserte, der terskelen er låg og stemninga god, seier Kjørstad,

som brenn for å få til aktivitet i lokalsamfunnet. Han har flytta heim til Sør-Fron att for ei stund.

– Alle vi i Kulturlaget motvind er interesserte i at ting skal skje også på bygda, både fordi det trengs, men også fordi det er så lett å få med folk når ein kjem med eit initiativ, seier han.

GURO VOLLEN
guro@dolen.no



VERTAR: Eivind Slettebø og Anna Sigmond Gudmundsdottir eig Harpefoss hotell.

40-årsjubileum

Østlandsutstillingen feirer i år 40 år siden første landsdelutstilling på Østlandet.

I Oppland er visningssted og samarbeidspartner Harpefoss Hotell i Sør-Fron. Her er lillehammerkunstneren Egil Martin Kurdøl invitert som jubileumskunstner, med ein solopresentasjon, i følge pressemelding. I tillegg vises ein juryert utstilling med ti andre kunstnere i tillegg. Utstillingen opnar lørdag 11. mai.



RØYRSKULPTUR: Kvasbø er representert på KODE Bergen i utstillinga Krefter. **FOTO: DAG FOSSE**

Viser Krefter i Bergen

Torbjørn Kvasbø blir vist i ei omfattande utstilling i Bergen i sommar.

På KODE i Bergen opnar trippeutstilling med tekstilkunstnar Kari Dyrdal og keramikarane Torbjørn Kvasbø og Marit Tingleff. Midt på 1970-tallet starta dei tre på Bergen kunsthåndverksskole. Det var tida for den største faglege brytninga på 1900-tallet, der gamle ideal knytt til form

og funksjon vart erstatta av idear om materialutforskning og frie kunstneriske uttrykk. Det gjekk ikkje stilt for seg, skriv museet sjølv på sine heimesider. 40 år senere er fyrste gong dei tre stiller ut saman, og dei er framleis djupt forankra i materiala dei valde seg den gongen. Utstillinga KREFTER blir vist på fire salar i KODE Bergen i sommar, med opning fredag 10. mai.

GURO VOLLEN